




Årsrapport 2016 for revisjonsutvalet og internrevisjonen

1 INNLEIING OG INNHALD

Revisjonsutvalet og internrevisjonen i Helse Vest er begge ledd i å styrke styret si overvaking av internkontrollen. I samsvar med gjeldande instruksar utgjer dette dokumentet den årlege rapporten om utvalet og internrevisjonen sitt arbeid.

Årsrapporten har dette innhaldet:

1 Innleiing og innhald	2
2 Revisjonsutvalet.....	3
2.1 Formål og samansetnad.....	3
2.2 Oppgåver	3
2.3 Møte og saker	3
3 Internrevisjonen.....	4
3.1 Formål og samansetnad.....	4
3.2 Oppgåver	4
3.3 Fagleg fundament og eksterne dialogar.....	5
4 Internrevisjonsprosjekt i 2016.....	6
4.1 Ny rapport: Handtering av uønskte hendingar	6
4.2 Ny rapport: Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt	6
4.3 Ny rapport: Internkontroll i TSB-institusjonar.....	7
4.4 Ny rapport: Forvaltning av tilskotsordningar.....	7
4.5 Oppfølging av: Bierverv	8
4.6 Oppfølging av: Innkjøp	8
4.7 Ny oppfølging av: Tvang i psykisk helsevern.....	9
4.8 Nye prosjekt	9

2 REVISJONSUTVALET

2.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Revisjonsutvalet er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

Revisjonsutvalet hadde i 2016 følgjande samansetnad:

- Gunnar Berge, leiar (nestleiar inntil februar 2016)
- Olin Johanne Henden (oppnemnd februar 2016)
- Lise Karin Strømme
- Tone Berntsen Steinsvåg (varamedlem frå februar 2016)

Lise Reinertsen var leiar fram til ho gjekk ut av utvalet frå februar 2016.

2.2 OPPGÅVER

Revisjonsutvalet skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre :
 - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
 - påliteleg styringsinformasjon
 - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
 - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon og ekstern revisjon.

Revisjonsutvalet meiner at internrevisjonen har dei ressursane som er nødvendige for å ivareta oppgåvene på ein forsvarleg måte.

2.3 MØTE OG SAKER

Revisjonsutvalet har hatt 5 møte og handsama 37 saker i 2016. Protokollane frå utvalet sine møte vert lagt fram for styret til orientering.

Internrevisjonen er sekretær for utvalet. Frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek eigardirektør og økonomi- og finansdirektør fast, med talerett. Møta er opne for andre.

Utvalet har fått rapportar frå fire **internrevisjonsprosjekt** i løpet av året og har behandla oppstart av internrevisjon på ytterlegare to prosjekt. Vidare har utvalet hatt saker knytt til oppfølging av tidlegare prosjekt.

Utvalet har hatt særskilte orienteringar frå administrasjonen om utvalde sider ved **internkontrollen**.

Som tidlegare år gjekk **ekstern revisor** (EY) gjennom si revisjonsmelding ved behandlinga av årsrekneskapen på våren. På hausten presenterte ny revisor (BDO) seg sjølv og gjekk gjennom si revisjonsplanlegging for kommande år.

Styret vedtok i februar 2016 ei endring i revisjonsutvalet sin instruks ved å tilføre at det òg skal veljast ein varamedlem til utvalet.

3 INTERNREVISJONEN

3.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll. Instruksjonen vart sist justert i mars 2015, og det har ikkje vore behov for endringar sidan.

Internrevisjonen har sidan 2011 hatt tre stillingar. Bemanninga var stabil gjennom 2016. Internrevisjonen har supplert kompetanse og kapasitet med innleidd bistand.

3.2 OPPGÅVER

Innan hovudoppgåva med **stadfestingar** er det avslutta fire prosjekt i 2016, nærare omtalt seinare i årsrapporten. **Oppfølging av tidlegare prosjekt** er vektlagt, for å sikre gjennomføring av vedtekne tiltak. Erfaringa viser at det er nødvendig å vere klar overfor både RHF og HF på premissane for denne oppfølginga, for å sikre gjennomføring av dei tiltaka styret i Helse Vest, og føretaksstyra, har vedteke.

I tillegg til stadfestingsoppgåva (prosjekta) skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje **uttalar og råd** for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere korleis føretaksgruppa handterer **risikoen for mislege tilhøve**. Desse to oppgåvene blir i størst mulig grad integrert i dei prosjekta revisjonen gjennomfører. **Sekretariatsoppgåvene** er òg noko som krev kapasitet gjennom året.

Virkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei seks helseføretaka og Helse Vest IKT AS (føretaket for Innkjøp blei avvikla i løpet av året). Internrevisjo-

nen har høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og -spesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjer "sørgje-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er **fagleg uavhengig** av linjeorganisasjonen og rapporterer til revisjonsutvalet og styret, administrativt til administrerende direktør i Helse Vest RHF. I tråd med internasjonale standardar skal leiar for internrevisjonen minst årleg stadfeste for styret si uavhengige rolle. Internrevisor vil for 2016 gje uttrykk for at det ikkje har vore tilfelle der internrevisjonen sin uavhengige posisjon er blitt utfordra av nokon part, og leiar for internrevisjonen seier seg tilfreds med den rolla funksjonen har i føretaksstrukturen.

Internrevisjonen har jamlege møte i **revisjonsutvalet** og faste **kontaktmøte** med administrerende direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør i RHF-et.

3.3 FAGLEG FUNDAMENT OG EKSTERNE DIALOGAR

Internrevisjonsfunksjonen utøver sitt virke med basis i **lov** om helseføretak, **instruks** fastsett av styret i Helse Vest RHF og **standardar** frå Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon. Både leiar og medarbeidarar i internrevisjonen er medlemmer av Norges Interne Revisors Forening, NIRF.

I følge Standard 1312 frå IIA må internrevisjonseiningar gjennomføre ei ekstern evaluering av verksemda si minst kvart femte år. Evalueringa skal gjennomførast av ein kvalifisert, uavhengig kontrollør eller gruppe kontrollørar utanfor organisasjonen.

Ei ekstern evaluering skal bidra til forbetring av internrevisjonstenesta. Den skal både kunne gje innspel om forbetringstiltak til internrevisjonen sjølv, men òg bekrefte overfor leiing og styre at internrevisjonen utøver virket sitt i samsvar med internasjonale standardar for profesjonell utøving av internrevisjon. Internrevisjonane i Helse Vest RHF og Helse Sør-Øst RHF har inngått eit samarbeid om å gjennomføre ei slik ekstern evaluering. Med bakgrunn i ein anbodskonkurranse vart NIRF i desember 2016 engasjert for å gjennomføre evalueringa. Dette vil skje i løpet av 1. tertial 2017.

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har eit tett og godt samarbeid. Samarbeidet er nyttig, gitt einingane sin likskap i størrelse og funksjon. Det har òg i 2016 vore møte på leiarnivå og med alle medarbeidarane. Det vart gjennomført eit kartleggingsarbeid med sikte på å få fram skilnader i arbeidsprosessane i avdelingane. Dette er blitt lagt inn som grunnlag for kvalitetsutvikling i kvar avdeling.

Internrevisjonen har som tidlegare år hatt informasjons- og erfaringsutvekslingsmøte med **Riksrevisjonen**.

Internrevisjonen tok i 2016 initiativ til eit møte med dei einingane på **føretaksnivå i Helse Vest**, som arbeider med interne revisjonar eller faglege revisjonar innan HMS og pasienttryggleik. Tilbakemeldinga var god og ein legg opp til at felles erfaringsutveksling og metodediskusjonar blir del av eit fast opplegg frå 2017 av.

4 INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2016

4.1 NY RAPPORT: HANDTERING AV UØNSKTE HENDINGAR

Dette prosjektet vart starta opp sommaren 2015 og avslutta tidleg i 2016. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i februar, RHF-styret i april.

Formålet med prosjektet var å undersøkje i kva grad føretaka i Helse Vest har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar («avvik»). Vi såg òg på om desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukt til læring.

Revisjonen omfatta dei fire sjukehusføretaka og det regionale helseføretaket.



Hovudkonklusjon: Føretaka har langt på veg tilfredsstillande prosessar for melding og saksbehandling, men systemverktøyet Synergi og den regionale forvaltinga av dette er ikkje optimal.

4.2 NY RAPPORT: PLANLEGGING FOR GEVINSTREALISERING I BYGGEPROSJEKT



Dette prosjektet vart starta opp og avslutta våren 2016. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i juni, RHF-styret i september.

Formålet med revisjonen var å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkeleg og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar. Revisjonen såg nærmare på kor langt ein i dag er komen med å stille krav om kva gevinstar/effektar investeringa skal bidra til; i kva grad desse er tydelege, konkrete og risikovurderte, og i kva grad dei vert følgt opp gjennom heile prosjektperioden og over i driftsfasen.

Revisjonen omfatta det regionale helseføretaket og dei fire ordinære helseføretaka. Rapporten vart utarbeidd av eit prosjektteam frå KPMG og internrevisjonen.

Hovudkonklusjon: Rapporten viste at føretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

4.3 NY RAPPORT: INTERNKONTROLL I TSB-INSTITUSJONAR

Dette prosjektet vart starta opp og avslutta våren 2016. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i juni, RHF-styret i september.

Formålet med revisjonsprosjektet var å undersøkje om dei private TSB-institusjonane Helse Vest RHF har avtale med har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.



Revisjonen omfatta alle dei åtte private institusjonane Helse Vest har avtale med. Rapporten vart utarbeidd av eit prosjektteam frå Deloitte AS og internrevisjonen.

Hovudkonklusjon: Dei private TSB-institusjonane har etablerte kvalitetssystem som gjev tiltru til at dei oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Det ligg føre eit visst rom for forbedring knytt til innhald og praktisering, og til Helse Vest RHF si oppfølging.

4.4 NY RAPPORT: FORVALTNING AV TILSKOTSORDNINGAR




Dette prosjektet vart starta opp sommaren 2016 og avslutta hausten 2016. Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling i november.

Formålet med prosjektet var å kartlegge og vurdere om helseføretaka har etablert tilstrekkelig styring og kontroll med tildeling og oppfølging i sine tilskotsordningar.

Revisjonen omfatta i praksis berre det regionale helseføretaket.

Hovudkonklusjon: Helse Vest RHF si forvaltning av ordninga med tilskot til brukarorganisasjonane er i hovudsak tilfredsstillande. Rutinane for - og gjennomføringa av - tildelingsprosessen bør likevel i større grad dokumenterast skriftleg.

4.5 OPPFØLGING AV: BIERVERV



Rapporten var lagt fram sommaren 2015, med behandling i revisjonsutval og styrer hausten 2015.

Formålet med prosjektet var å undersøkje i kva grad helseføretaka i Helse Vest følgjer regelverk om bierverv.

Internrevisjonen hadde innhenta oppdaterte statusvurderingar frå helseføretaka på gjennomføring av dei handlingsplanane som vart utarbeidde hausten 2015 ved handlinga av revisjonsrapporten. Internrevisjonen si vurdering var at alle statusrapporteringane svarte ut dei tilrådingane internrevisjonen kom med.

Utvalet merka seg at tematikken no ser ut til å bli fast punkt i medarbeidersamtaler. Elles noterte utvalet seg at ytterlegare oppfølging av handlingsplanane knytt til rapporten ikkje var naudsynt, men at dette er eit felt som ein nok må ha jamleg oppfølging av.

4.6 OPPFØLGING AV: INNKJØP

Rapporten var lagt fram våren 2015, med behandling i revisjonsutval i juni og styrer hausten 2015.

Formålet med prosjektet var å undersøkje om innkjøpsområdet i Helse Vest er underlagt ei målretta og effektiv drift, som etterlever lov- og forskriftsregelverk. Vi såg særleg på om inngåtte rammeavtaler vert følgt opp og brukt på ein lojal måte.

Prosjektet omfatta RHF-et og dei fire helseføretaka.



Internrevisjonen innhenta oppdaterte statusvurderingar frå helseføretaka på gjennomføring av dei handlingsplanane som vart utarbeidde hausten 2015 ved handlinga av revisjonsrapporten om innkjøp. Det gjekk fram av saka at det har vore prosessar i rett retning i regionen, og at det framleis er ein veg å gå. Det som kjem i tillegg er at det relativt nyskipa regionale innkjøpsføretaket i Helse Vest allereie frå 01.12.2016 ville bli del av det nasjonale føretaket for innkjøp. Internrevisor innstilte difor på at revisjonen frå 2015 vart teken til orientering, og at ein søker andre virkemiddel i å følge opp det nasjonale selskapet sin aktivitet.

Revisjonsutvalet understrekte viktigheita av at denne saka får nødvendig merksemd i organisasjonen òg i tida framover. Temaet vert vurdert teke inn på ny i revisjonsplan for 2017-2018.

4.7 NY OPPFØLGING AV: TVANG I PSYKISK HELSEVERN



Rapporten var lagt fram hausten 2014, med behandling i revisjonsutval og styrer hausten 2014 og vinteren 2015.

Formålet med prosjektet var å undersøkje om Helse Vest har gode prosessar som sikrar at tvangsbruken er i samsvar med regelverk og eksterne og interne retningslinjer.

Prosjekta omfatta dei fire helseføretaka i helseregionen.

Oppfølginga av revisjonsprosjektet vart behandla av revisjonsutvalet i oktober 2015. På bakgrunn av dei innhenta statusoppdateringane viste internrevisor til at det ville vere naudsynt å be føretaka om ei ny oppdatering i løpet av 2016. Revisjonsutvalet slutta seg til dette. Jamvel om status i føretaka syntes å vere positiv, er det avgjerande at arbeidet med felles retningslinjer og forståing i føretaka gjev konkrete resultat.

Den nye oppfølginga av prosjektet vart behandla av revisjonsutvalet i desember 2016. Utvalet merka seg at ein er i ei positiv utvikling på dette feltet, men at ting tar tid. I lys av det som i seinare tid er avdekka om tvang, meinte utvalet at saka framleis bør ha stor merksemd i RHF-et og i HF-a. Revisjonsutvalet meinte òg det kan vere aktuelt med ytterlegare revisjonsprosjekt på dette området, og tok elles saka til orientering.

4.8 NYE PROSJEKT

Det vart i 2016 utarbeidd prosjektmandat for ytterlegare to prosjekt, attgjeve her med tittel og formål.

Oppfølging av regionale planar: Formålet med dette prosjektet er å sjå korleis internkontrollen rundt oppfølging av regionale planar fungerer.

Forskningsaktiviteten i Helse Vest: Formålet med revisjonen er å undersøkje korleis forskningsaktiviteten i helseføretaka gjev grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring.

Ved utgangen av året var arbeidet med det førstnemnde prosjektet på det næraste avslutta, medan det andre var i oppstartfasen.